



SULA KOMMUNE

**OVERSIKT OVER HELSETILSTAND OG
PÅVERKNADSFAKTORAR I SULA KOMMUNE
HOVUDSAKLEG BASERT PÅ TAL SOM VAR TILGJENGELEG PER 1.1.2020**

2021
RENATE LOVE
FOLKEHELSEKOORDINATOR

Innleiing:

[Folkehelselova](#) og [forskrift](#) om oversikt over folkehelsa krev at kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan virke inn på helsetilstanden.

Kvart fjerde år skal det utarbeidast ei skriftleg helseoversikt, og denne skal ligge til grunn for arbeidet med kommunens planstrategi.

Helseoversikta skal bygge på informasjon frå følgjande kjelder:

- Opplysningar som statlege helsemyndigheiter og fylkeskommunen gjer tilgjengeleg.
- Kunnskap frå dei kommunale helse- og omsorgstenestane
- Kunnskap om faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn

I Sula kommune har kommunedirektør og kommunedirektøren si leiargruppe gitt ei arbeidsgruppe mandat til å utforme helseoversikta. Arbeidsgruppa har bestått av einingsleiar for kultur, planleggjar, kommunelege, kommunepsykolog, utekontakt og folkehelsekoordinator.

Helsedirektoratet har i rettleiaren «[Systematisk folkehelsearbeid](#)» lagt føringar for korleis ein går fram for å lage helseoversikta. Arbeidsgruppa har i arbeidet med helseoversikta brukt denne rettleiaren som rettesnor, samstundes som vi har tatt utgangspunkt i oversikta frå 2016.



(Telemark fylkeskommunes oversiktsdokument 2016)

Som figuren synar skal kommunen si befolkning og befolkningssamansetjing vere utgangspunkt for å vurdere anna informasjon. Oppvekst- og levekårsforhold, helserelatert atferd, fysisk og sosialt miljø er alle eksempel på faktorar som er med på å påverke helsesituasjonen.

Tala i denne oversikta er hovudsakleg basert på det som var tilgjengeleg per **1.1.2020**, og er då ikkje farga av koronapandemien. Ungdata-tal, og veking/måling av 3 og 8 klassingar og informasjon trafikktryggingsplan har kome til litt etter denne datoen. Pandemien har gjort at heile prosessen med helseoversikta har blitt forsinka i forhold til planen.

Neste oversikt skal foreligge i 2024 og ein har allereie i 2021 fått mykje oppdaterte tal frå ny Ungdataundersøking og Folkehelseundersøking.

Samandrag:

Befolkningssamansetjing.....side 4

- Auke i folketal i åra framover.
- Forsørgjarbyrden utviklar seg mindre negativt i Sula enn for fylket og landet.
- Innvandring er ein viktig del av auke i folketalet.

Oppvekst- og levekårsforhold.....side 7

- Aukande medianinntekt.
- Tal på barn i hushaldningar med vedvarande lavinntekt aukar, denne typen lavinntekt er ein sterk risikofaktor for uhelse seinare i livet.
- Låg arbeidsløyse samanlikna med fylket og landet.
- Sula har noko høgare andel barnevernstiltak enn landet og fylket.
- Andel barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp er nesten dobbelt så stor i Sula som fylket og landet. Noko som viser Sula sitt fokus på tidleg innsats.
- Graden av fråfall i vidaregåande er synkande generelt, men aukande hos ungdom der foreldra har grunnskule som høgste utdanningsnivå.
- Nedgang i tal på mobbing.

Helserelatert atferd.....side 15

- Dei fleste ungdomane er aktive og aukande antal barn er med i idrettslag.
- Overvekt og fedme er ei aukande utfordring.
- Ungdata-tala* tydar på at få av ungdomane brukar tobakk og/eller hasj, medan endel har fått tilbod om hasj eller smakt alkohol.
- Auke i medikamentmisbruk hos eldre og fleire treng heimeteneste grunna langvarig rusbruk.

Helsetilstand.....side 19

- Forventa levelader er høgare i Sula enn i resten av landet. Kreft er største dødsårsak i Sula for dei under 75 år.
- Auke i tal på personar med demens i åra framover.
- Muskel og skjelettplagar hyppigaste årsaka til kontakt med primærhelsetenesta i Sula, andelen er likevel lågare enn fylket, men høgare enn landet.
- Andelen med psykiske symptom er aukande og ligg høgare enn landet og fylket.
- Sula ligg godt under landet i snitt på psykiske lidingar.
- Tannhelsa har god utvikling for dei yngste barna, men skil seg negativt ut i ungdomsåra.

Skader og ulykker.....side 23

- Talet på personar som vert innlagt på sjukehus frå Sula ligg under landsnittet, men har hatt ei auke dei siste åra.
- Sula har omtrent 16 hoftebrot årleg og er på same nivå som fylket og landet prosentmessig.

Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø.....side 25

- Ungdata-tala* tydar på at ein del jenter sliter med stress, press og lite meistring. Spesielt mange jenter seier dei har psykiske plager. Av dei som svarte oppgjer mange at dei gruar seg til skulen og det er høg andel skulking.
- Vi har mykje rekreasjon og naturterreng på Sula, men færre har trygg tilgang til nærturterreng.


Innbyggarmedverknad og oppsummering: samanlikning med oversikta frå 2016.....side 28

*Ungdata 2020, diverre fekk berre 50% av ungdomsskuleelevane svart før skulestenginga, og det gir oss no berre eit **augeblikksbilete av situasjonen**. Det ikkje utgitt ein offentleg rapport på desse tala.


Befolkningssamansetjing

Skal ein seie noko om korleis det står til med helsen til folk i Sula, bør ein først kartleggje kven som bur her. Sula veks i folketal og har ei etter måten ung befolkning. 11 % av innbyggjarane har innvandrarbakgrunn i 2015 og har auka til 13 % i 2019.

Figurane under er henta frå [Fylkesstatistikk 2019 Møre og Romsdal](#).




Folketalspyramide, 2000, 2019 og framskriving til 2030



Migrasjonsoverskotet er største bidragsytaren til folkeveksten i Sula, men Sula har og eit årleg fødselsoverskot. Folkeveksten i Sula var 124 personar i 2018 og 140 personar i 2019. Fødselsoverskotet er folkeveksten minus migrasjonsoverskotet. Sula hadde eit fødselsoverskot på 59 personar i 2017 og 57 personar i 2018.

Sula har hatt vekst i folketalet over lang tid. Prognosane er at dette vil halde fram, og der innvandrar utgjør ein viktig del. Alderssamansetninga viser ei auke i aldersgruppene frå 10 år og oppover, og får konsekvensar for behov og utforming av det kommunale tenestetilbodet i åra framover.

Forsørgjarbyrde for eldre, 1986 til 2035





Forsørgjarbyrden utviklar seg mindre negativt i Sula enn for fylket og landet. Forsørgjarbyrden er definert som forholdet mellom tal yrkesaktive (20-66 år) og tal eldre (67 år og eldre). I 1986 var det ca. 5 yrkesaktive pr pensjonist i Sula, mens i 2034 er det forventa at det er ca. 3,5. Endringar avspeglar prognosen for folketalutvikling og endra alderssamansetning i åra som kjem.

Status: Folketalsutvikling				Mogleg årsak	Mogleg konsekvens
Folketal	Folketal 1.1.2018: 9131 Folketal 1.1.2019: 9271 Folketal 1.1.2020: 9337 Fødselsoverskot: 57 Innanlandsk nettoinnflytting: 48 Innvandrarbefolkninga i % av befolkninga: 2009: 4,9 2014: 10 2019: 13,1 Nettoinnvandring: 35 Folketalsauke 2019: 140 Utvikling 1998-2008: 9,9 % 2008-2018: 19,7 % Har flata litt ut siste åra. Folketalsframskriving frå 2030: 10226 innb. Endring frå 2019-2030: 10%. For M&R 4%			Folketalsauke i vore jamt aukande. Innvandring og kort pendleavstand til Ålesund er viktige faktorar for at folketalet har auka. Det er forventet auke i folketalet framover.	Kommunalt tenestetilbod må tilpassast fleire innbyggjarar. Endra alderssamansetning vil føre til endra tenestebehov og ein må da tilpasse tenestene der veksten kjem.
Innvandrar befolkning	1.1.2019: 1213 personar			Arbeidsinnvandring skjer i gode tider, og svingingar i næringslivet vil påverke utviklinga.	
Familietypar	Hushald totalt 2019: 3692 Hovudgrupper: - Åleinebuande(1138) - Par utan barn(855) - Par med barn under 18 år (1012) - Einslege med barn under 18 år(182) Utviklinga frå 2005 til 2019 viser hushaldningar i prosent: Åleinebuande: 26,9 til 30,8 Par utan barn: 22,6 til 23,2 Par med barn under 18 år: 30,0 til 27,4 Einslege med barn under 18 år: 4,3 til 4,9			Endringar i familiesamansetninga gjeld for heile landet. Fleire bur åleine lengre eller heile livet enn før.	Endringar i familiestruktur gir endra bustadbehov. Viktig med variasjon i typar husvære. Til dømes leiligheiter og andre mindre bustadtypar.
Kvinner per 100 menn		Sula	M&R		Kvinneunderskot er ei utfordring for nyetablering og kunne oppretthalde/auke folketalet.
	1990	98,2	100,1		
	2019	92,9	96,2		
Eksisterande helsefremmande og førebyggjande tiltak Befolkningssamansetjing: ✓ Ny barneskule på Rørstadmarka ✓ Areal til ny bustadbygging ✓ Folkehelseaktivitar ✓ Aktivt kulturliv med mange frivillige lag og organisasjonar ✓ Kulturskule ✓ Omsorgsbustadar ✓ Full barnehagedekning					

Oppvekst- og levekårsforhold

Levekår påvirker helse vår. Statistisk sett er det sammenheng mellom levekår og helse, til bedre økonomi og sosial status til bedre helse har folk. (Fylkesstatistikken i Møre og Romsdal 2019)

Busetting




Sula er ein liten kommune i areal, og over 94 % av bustadane ligg innfor det som er definert som tettbygde strøk. Framleis er delen av einebustadar høg. Prosentvis utgjorde einebustader 69,7 % av totalen i 2006, mot 62,0 % i 2019.

Endringane i familiestrukturen vil føre til endra behov for bustadtyper mot mindre husvære. Det er også ein trend der fleire vil etablere seg sentrumsnært, nær helsetilbod, butikkar m.m.

Arbeidsplassdekning og pendling

Arbeidsplassdekning er talet på arbeidsplassar (sysselsette etter arbeidsstad) i prosent av talet på arbeidstakarar (sysselsette etter bustad) i eit område, for eksempel i ein kommune. I 2018 var dei fem kommunane med lågast arbeidsplassdekning i Møre og Romsdal: Nesset, Giske, Gjemnes, Sula og Eide, alle med under 70 prosent.



I 2018 pendla 1991 personar dagleg til Ålesund. Tilsvarande pendla 774 personar inn til kommunen frå Ålesund.


Færre hushald i Sula enn i Møre og Romsdal og landet samla kjem i kategorien lavinntektshushald, men talet er stigande. Slik er utviklinga for andelen av barna i Sula som bor i hushald med låg inntekt:

Lavinntekt (husholdninger ekskl. brutto finanskapital over 1G) (B, inndeling per 1.1.2020) - andel (prosent), EU60, 0-17 år ([Kommunehelsa](#))

År	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Geografi									
Hele landet	6,3	6,7	7,4	7,9	8,3	8,5	8,8	9,2	9,3
Møre og Romsdal	4,8	4,9	5,4	6,2	6,4	6,6	7,1	7,6	7,6
Sula	4,7	3,6	4,6	5,7	4,6	4,9	5,0	4,8	5,2

Median inntekt (husholdningar) (B) (Kommunehelsa)


Samstundes med at barn som bor i hushald med låg inntekt aukar, så aukar også median inntekt for husholdningar i Sula, som ligg over både landet og fylket vårt sitt nivå.



Fråfall i vidaregåande skule: Samanhengane mellom utdanningsnivå, materielle levekår og helse er vel dokumenterte. Dei som ikkje fullførar ungdomsskule og vidaregåande utdanning er i auka grad utsett for levekårs- og helseproblem. ([Folkehelseinstituttet](#))

Fråfall i vidaregåande skule (B, inndeling per 1.1.2020) –årlege tal (Kommunehelsa)

Fråfall i vidaregåande skule har minka dei siste 10 åra. Tala frå Sula er lågare enn for land og fylke.



Sjå tabell for fråfall jf.

foreldra sitt utdanningsnivå. Her skil utviklinga seg negativt ut for ungdomar av foreldre med grunnskule som høgste utdanningsnivå.

	Gr.sk	Vgs	Uni/ H.sk
2012-14	33	21	12
2014-16	53	17	10
2016-18	49	13	10

Barnehagar

Sula kommune har 4 kommunale barnehagar, 5 private og ein open barnehage som driftast av Røde Kors. Barnehagane er godt spreidd omkring på heile Sula, som gir kort veg for dei fleste barna.

Skular/voksenopplæring

Sula kommune har 4 kommunale barneskular og ein ungdomsskule. 2 av barneskulane skal erstattast av ein ny barneskule på Rørstadmarka. Sula kommune har samarbeid med Ålesund kommune når det gjeld norskopplæring for innvandrarar og grunnskuleopplæring for vaksne. Sula har eige tilbod om vaksenopplæring for dei med skade og afasi.


Aktiv læring med læringsbrett / *den gode økta*, er eit omfattande tiltak for å heve kvaliteten i opplæringa og gir fleire born betre utbytte av det ordinære tilbodet. Ei lærarkartlegging gjort av Høgskulen i Volda synar at dei tilsette i skulane i 2020, etter 1 års bruk av digitale ressursar, opplev at dei sjølve har god kompetanse, gode strategiar i dagleg bruk, det er viktig for dei å lære seg nye verktøy og halde seg fagleg oppdatert. Dei opplev at opplæringstilbodet stort sett er godt, og samanlikna med andre kommunar i området så ligg Sula godt an. (DeKomp Nordre Sunnmøre, Høgskulen i Volda 2020)

Fritidsaktivitetar for barn og unge.

I 2019 ble det gjort ei kartlegging i Sula kommune av barn og unge sine mogelegheiter til å ta del i fritidsaktivitetar. Foreldre til alle grunnskulebarn fikk spørsmål på SMS, 34% svarte. Av dei 339 som svarte, sa 35 at barnet/barna ikkje tok del i fritidsaktivitetar, og 304 sa ja.



Omkring halvparten av dei spurde hadde ikkje økonomiske utfordringar, medan resten hadde økonomiske utfordringar knytt til ulike kombinasjonar av avgifter, cupar, utstyr ol. På spørsmål om årsaken til at barnet/barna ikkje deltok på fritidsaktivitetar var størst andel ikkje interessert

(37%) medan 29% sa at det var grunna økonomi eller ein kombinasjon av økonomi og ikkje interesse. (Kommunal undersøkning 2019)



Status: Oppvekst- og levekårsforhold		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens																
Bruttoinntekt gj.sn begge kjønn (SSB)	Sula: 448 100 M&R: 446 500 Landet: 466 400	Fleire med lågare utdanning?																	
Bruttoinntekt, gj.sn kvinner (2018)	Sula: 354 000 M&R: 358 400 Landet: 382 000																		
Bruttoinntekt, gj.sn menn (2018)	Sula: 535 000 M&R: 531 000 Landet: 550 300																		
Arbeidsledige, 15-74 år, kjønn samlet, andel(prosent) (Kommunehelsa)	<table><tr><td></td><td>2015</td><td>2016</td><td>2017</td></tr><tr><td>Sula</td><td>1,5</td><td>1,9</td><td>1,7</td></tr><tr><td>M&R</td><td>1,8</td><td>2,3</td><td>2,5</td></tr><tr><td>Norge</td><td>2,1</td><td>2,3</td><td>2,2</td></tr></table>		2015	2016	2017	Sula	1,5	1,9	1,7	M&R	1,8	2,3	2,5	Norge	2,1	2,3	2,2	Arbeidsløysa har siste åra vore stigande, m.a. grunna dårlegare tider for næringslivet i regionen grunna lav oljepris. Men synk no igjen.	Kan føre til auka stress og bekymring om økonomi innad i familiar
	2015	2016	2017																
Sula	1,5	1,9	1,7																
M&R	1,8	2,3	2,5																
Norge	2,1	2,3	2,2																

Status: Oppvekst- og levekårsforhold					Mogleg årsak	Mogleg konsekvens
Personer med varig uførepensjon, Kjønn samlet 18-44 år andel (prosent) (kommunehelsa)		2012-14	2014-16	2016-18		
	Sula	1,6	1,8	2		
	M&R	2	2,4	2,8		
	Norge	2,3	2,6	2,9		
Mottakarar av stønad til livsopphald, kjønn samla, 20-66 år, andel (prosent) (kommunehelsa)		2014	2016	2018	Samanheng med lav arbeidsløyse	
	Sula	14	15	15		
	M&R	15	17	16		
	Norge	16	17	16		
Ekteskap og skilsmissar, dei siste 10 åra. (2009-2019, SSB)	Inngådde ekteskap har variert frå 53 i 2014 til 27 i 2018, med ein snitt på 36, svakt nedadgåande trend. Skilsmissar hadde lågaste pkt. med 7 i 2010 og høgste med 17 i 2012, med snitt på 13,3. Variasjonar men jamt stigande trend.					Samlivsbrot kan vere ein risikofaktor for barn si utvikling
Barn av einslige forsørgjarar, andel (prosent). (kommunehelsa)		2013-15	2016-18			
	Sula	11	12			
	M&R	14	14			
	Norge	15	15			
Barn i hushaldningar med vedvarande lavinntekt (Bufdir 2017)		2013	2015	2017	Aukande, men fortsatt lågare enn landssnitt og fylket. Barnevern erfarar at familier velger vekk barnehage og SFO, sjølv om barna kunne hatt nytte av det.	Kan føre til utanforskap, at barn ikkje får delta på aktiviteter eller arrangement. Sula har støtteordning som skal sikre at alle barn kan delta på ein fast aktivitet.
		5,3	6,2	6,8		
	M&R	6	7,2	8,3		
	Norge	8,6	10	10,7		
Barnevernstiltak Andel i alderen 0-22 år (Kostrå)	Norge	M&R	Sula		Kommunen har hatt få lavterskel hjelpetiltak og vanskar har fått vekse seg store. Tiltaksapparatet er utvida, men det tar tid å snu ei negativ utvikling. Lav terskel for å ta kontakt med barnevernet.	Barnevern har til tider hatt problem med å gi familiane hjelpa dei har hatt behov for, og mange barn har blitt plassert utanfor heimen. Nedgang siste åra.
	2019	3,8%	4,1%	4,4%		
Andel i barnehage 1-5 år (Kostrå)	Norge	M&R	Sula		Full barnehagedekning.	
	2019	92,1%	93,7%	98,4%		
Andel barn som fekk innvilga søkand om redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid i barnehagen (Lokale tal)	2018: 55 barn 2019: 68 barn				Tilbyr hjelp til å søke om redusert foreldrebetaling for dei som har behov for det og fell innanfor målgruppa.	

Status: Oppvekst- og levekårsforhold					Mogleg årsak	Mogleg konsekvens		
Andel barn som får spesialpedagogisk hjelp i forhold til alle barn i kommunale barnehager (Kostra)	Norge 2019	3,9%	M&R 4,5%	Sula 8,0%	-PPT har over år vore underdimensjonert. Med 1.5 årsverk rådgjevar på barnehageområdet er det ikkje rom for å drive med org.- og kompetanseutvikling. -Sula har høg andel innvandrarar i befolkninga (13%), og spes.ped blir gitt til mange barn grunna språkvanskar for å sikre god førebuing til skule. -Ulik organisering og innrapportering av spes.ped.hjelp kan gi utslag.			
Fråfall i vidaregåande skule i prosent jf. foreldra sitt utdanningsnivå. (kommunehelsa)		Gr.sk	Vgs	Uni/ H.sk	Årsak til fråfall kan vere psykiske eller psykososiale vanskar, manglande motivasjon, feil val av program, fysisk sjukdom, vanskelege heimeforhold, rusproblematikk, jobbtilbod, etc.			
	2012-14	33	21	12				
	2014-16	53	17	10				
	2016-18	49	13	10				
Gjennomføring 2019 – elevar (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring same år som avslutta grunnskule. (Utdanningsdir.)	Sula	96,2%	Fylket	98,3%	Norge	98%	Sula har hatt ein nedgang frå 100% i 2017..	
Mobbing i skulen	Utvikling i prosent kvart skuleår:					Antallet som rapporterer at dei opplever mobbing har gått ned siste åra...	Resultat av målretta jobbing i skulen; psykisk helse, relasjon lærar/elev med meir. Auka andel helsesjukepleiar ar grunna styrkingsmidlar og styrking av fast stilling.	
Elevundersøking, 7. trinn «..blir mobbet av medelever, mobbet digitalt (på skolen) og/eller mobbet av voksne på skolen 2-3 ganger i måneden eller oftare.» (Skoleportalen /U.dir)	2016-17							
	2017-18	14,0						
	2018-19	10,9						
	2019-20	4,6						
Elevundersøking, 10. trinn *betr. så lave tal at dei ikkje blir publisert.	2016-17	5,4						
	2017-18	*						
	2018-19	*						
	2019-20	7,5						
I Sula deltek 6-10 kl. kvart år i denne undersøkinga, 7 og 10 klasse er her eit utval.								
Ungdata (2020 9/10kl.) Prosentdel som blir mobba minst kvar 14. dag. Blant gutar og jenter på ulike klassetrinn. (OsloMet)								

Status: Oppvekst- og levekårsforhold					Mogleg årsak	Mogleg konsekvens
Trivsel i skulen (Elevundersøking 2019-20)		Sula	M&R	Norge		
	7 trinn					
	Trivsel	4,3	4,2	4,3		
	Mestring	3,9	4,0	4,0		
	10 trinn					
	Trivsel	4,2	4,2	4,1		
	Mestring	3,8	3,9	3,9		
Eksamenskarakterar Trinn 10 i 2018-19. (Utdanningsdirektoratet)	Av 11 fag ligg Sula over lands- og fylkessnittet i avsluttande eksamenskarakterar i 2 fag og under dette snittet i eitt fag, elles ligg Sula jamt med landet og fylket.					
Grunnskulepoeng, gj.snitt i trinn 10 (2018-19). (Utdanningsdirektoratet)	Sula 42,8 Fylket 42,0 Norge 42,0					
Lese- og rekneferdigheiter Nasjonale prøver 2019-20, gjennomsnitt. (Utdanningsdirektoratet)		Sula	M&R	Norge		
	5 trinn					
	Engelsk	48	50	50		
	Lesing	48	49	50		
	Rekning	49	50	50		
	8 trinn					
	Engelsk	49	50	50		
Prosentdel med høgare utdanning (16 år og oppover), 2018 (SSB)		Sula	M&R	Norge		
	Grunnskule	27,6	26,8	25,8		
	Videregående	39,8	41,0	37,2		
	Fagskule	4,4	3,8	2,9		
	Uni/h.skule, kort	24,0	22,4	24,1		
	Uni/h.skule, lang	4,1	5,9	10,0		
Kulturskuletilbod (2019-20) Barn 6-15år i kommunen sin kulturskule(prosent) (Kostratal)	246 elevplasser 25 disipliner 15% av alle grunnskuleelevar 4,89 årsverk inkl. 60% rektor				Stor variasjon i % av grunnskuleelever frå år til år.	
	2016	2017	2018	2019		
	19,7	17,4	15,2	14,8		

Status: Oppvekst- og levekårsforhold						Mogleg årsak	Mogleg konsekvens																									
Bibliotek Sommarlesdeltakarar: Totalt tal på deltakarar i Sula og prosentande av elevmassen i aldersgruppa 1.-7. klasse er med.	<table><tr><td></td><td>2016</td><td>2017</td><td>2018</td><td>2019</td></tr><tr><td>Totalt</td><td>109</td><td>286</td><td>319</td><td>355</td></tr><tr><td>Sula</td><td>13,6</td><td>35,6</td><td>34,7</td><td>38,1</td></tr><tr><td>M&R</td><td>14,2</td><td>19</td><td>28,7</td><td>30,7</td></tr><tr><td>Norge</td><td>17,2</td><td>19</td><td>25,4</td><td>30</td></tr></table>						2016	2017	2018	2019	Totalt	109	286	319	355	Sula	13,6	35,6	34,7	38,1	M&R	14,2	19	28,7	30,7	Norge	17,2	19	25,4	30	Eit viktig mål for biblioteket er å stimulere til auka leselyst og lesekompetanse blant barn og unge, og Sommarles er eit viktig tiltak i så måte.	Auka leselyst og lesekompetanse er veldig positivt for barn sine moglegheiter til læring.
		2016	2017	2018	2019																											
	Totalt	109	286	319	355																											
	Sula	13,6	35,6	34,7	38,1																											
	M&R	14,2	19	28,7	30,7																											
	Norge	17,2	19	25,4	30																											
	Sula har hatt ein fin jamn auke og ligg godt foran landet og fylket.																															
	<table><tr><td></td><td>2016</td><td>2017</td><td>2018</td><td>2019</td></tr><tr><td>Totalt</td><td>39799</td><td>42956</td><td>40313</td><td>39498</td></tr><tr><td>Sula</td><td>4,4</td><td>4,7</td><td>4,3</td><td>4,3</td></tr><tr><td>M&R</td><td>3,5</td><td>3,4</td><td>3,3</td><td>2,5</td></tr><tr><td>Norge</td><td>3,2</td><td>2,2</td><td>2,2</td><td></td></tr></table>						2016	2017	2018	2019	Totalt	39799	42956	40313	39498	Sula	4,4	4,7	4,3	4,3	M&R	3,5	3,4	3,3	2,5	Norge	3,2	2,2	2,2			
		2016	2017	2018	2019																											
	Totalt	39799	42956	40313	39498																											
Sula	4,4	4,7	4,3	4,3																												
M&R	3,5	3,4	3,3	2,5																												
Norge	3,2	2,2	2,2																													
Sula bibliotek har hatt nokså stabile og relativt høge utlånstal, men ein ser no at tendensen er at tala flatar litt meir ut (som elles i landet).																																
<table><tr><td></td><td>2016</td><td>2017</td><td>2018</td><td>2019</td></tr><tr><td>Totalt</td><td>28400</td><td>30173</td><td>29870</td><td>29022</td></tr><tr><td>Sula</td><td>3,2</td><td>3,3</td><td>3,3</td><td>3,1</td></tr><tr><td>M&R</td><td>3,0</td><td>3,1</td><td>3,2</td><td>3,2</td></tr><tr><td>Norge</td><td>4,5</td><td>4,6</td><td>4,7</td><td>4,8</td></tr></table>						2016	2017	2018	2019	Totalt	28400	30173	29870	29022	Sula	3,2	3,3	3,3	3,1	M&R	3,0	3,1	3,2	3,2	Norge	4,5	4,6	4,7	4,8			
	2016	2017	2018	2019																												
Totalt	28400	30173	29870	29022																												
Sula	3,2	3,3	3,3	3,1																												
M&R	3,0	3,1	3,2	3,2																												
Norge	4,5	4,6	4,7	4,8																												
Besøkstala i vår kommune og vårt fylke er lågare enn i resten av landet.																																
Utlånsstatistikk. Totalt utlån i Sula og utlån pr. innbyggjar i Sula, fylket og landet.						Grunnane til nedgang både her og i fylket kan vere mange, men mange små folkebibliotek med kort opningstid kan kanskje forklare noe.																										
Besøksstatistikk. Totalt bibliotekbesøk i Sula og besøk pr. innbyggjar i Sula, fylket og landet.																																

Eksisterande helsefremmande og førebyggjande tiltak: Oppvekst og levekårsforhold

Sula har mange ulike satsingar med tverrfaglege tiltak retta mot barn og unge, mellom anna: Foreldrerettleiing-Tryggleikssirkel (COS) og ICDP-grupper, Fødsels- foreldreførebuande kurs, BAPP-gruppe for barn og ungdom, samtalegrupper for barn med to heimar, SamBa (saman om barna)-tverrfagleg møte, 4 år trygg og klar (samarbeid barnehage og helsestasjon), «Førebygge meir for å reparere mindre»-satsing innan psykisk helse, avspenning i ungdomsskulen, «To Fram»-utviklingsarbeid i barnehagane, og BTI-satsing frå 2019.

Fokus på trygge overgangar gjennom godt samarbeid mellom barnehager, barneskule og ungdomsskule med besøk og mellom anna forberedande tiltak gjennom MOT-satsinga. Fritidsklubben bidrar og med tilbod frå 7 kl. Sula har no også ungdomslos (delvis prosjektmidlar frå Bufdir) for å begrense fråvær i ungdomsskulen og auka ressurs innan skulehelsetenesta med psykiatrisk sjukepleiar og psykososial rådgjevar (barnehage og overgang til skule).

- ✓ Aktivitetstilskot til inkludering av barn og unge mellom 6-18 år i fritidsaktivitetar.
- ✓ Kommunepsykolog i 100% stilling (tidvis vakant)
- ✓ Nye måltidsrutinar i bukollektiva og korttids-/rehabiliteringsavdelingane på Sulatunet. Måltida er meir spreidd tidsmessig og lunsj er innført, som gir eit sunnare kosthald.
- ✓ Kulturelle møteplassar; Friheim med kino, Kølbu, grendahus mm.
- ✓ Frivilligsentral med utstyrsbibliotek og er treffplass for eldrekafe, sjakk-treff, Seniordans mellom andre.
- ✓ Idrettsarena: turløyper, turstier, idrettshallar, mange fotballbaner, skyteanlegg, varmtvannsbasseng, fleire badeplassar, ridesenter, fleire diskogolf-banar, trimparker.
- ✓ Bredt utval av lag og orgnisasjonar
- ✓ Sula kommune er ei IA-bedrift.
- ✓ Kvardagsrehabilitering er ein integrert del av pleie og omsorg.
- ✓ Rehabiliteringstenesta har gratis lavterskel trimgrupper.
- ✓ Helsefremjande og førebyggjande heimebesøk til eldre.
- ✓ Sula er ei MOT-kommune
- ✓ Aktiv læring med læringsbrett / *den gode økta* til alle elevar i Sula
- ✓ Digihjelpa-«drop in» tilbod på biblioteket
- ✓ Suladagane, LAN
- ✓ Fritidserklæring, ALLEMED-dugnad

Helserelatert atferd


Med helserelatert atferd meiner ein helseatferd som har vist seg å ha verknad på eit helseutfall. Dette kan til dømes vere fysisk aktivitet, ernæring og bruk av tobakk og rusmiddel. Helserealtet atferd kan også omfatte seksualatferd og risikoatferd som kan føre til skader og ulykker. (Veileder IS-2110)

Fysisk aktivitet har vel dokumentert verknad for helse. Auka stillesitting er ei aukande årsak til negativ helseutvikling. Helsedirektoratet anbefaler barn og unge minimum 60 minutt fysisk aktivitet kvar dag. Vaksne og eldre bør vere fysisk aktive i minst 150 minutt med moderat intensitet pr. veke. Enkle tiltak kan ha stor effekt.


Når det gjeld helserelatert adferd har statistikkbanken KommuneHelse begrensa talmateriale å leggje fram. Ein legg fram tal for kvinner som røykte ved første svangerskapskontroll, og tal på overvekt og fedme for unge vaksne som har møtt opp til sesjon. Ein har altså tal frå eit utval av befolkninga, og tenkjer at dette kan vere ein indikator for korleis det står til med heile befolkninga. Lokalt har vi henta ut tal frå veging og måling som blir gjort av helsesjukepleiar på 3. og 8. trinn og frå førebyggjande heimebesøk for 80 åringar.

Overvekt


72% av barna på 3. trinn er innafor det som ein reknar som normalvekt. 16,2% er overvektige og 7,4 % har fedme, noko som betyr at til saman 23,6% av barna på 3. trinn i 2019-2020 er overvektige eller har fedme.



64,7 % av ungdommene på 8. trinn er innafor det ein reknar som normalvekt. 18,9 % er overvektige og 6 % har fedme, noko som betyr at til saman 24,9 % av ungdommene på 8. trinn i 2019-2020 er overvektige eller har fedme.



Fysisk aktivitet:
 medlemstala i
 idrettslag på Sula
 har ei jamn stigning
 når det gjeld barn,
 mens det varierer litt
 meir hos dei vaksne.
 ([Møre og Romsdal
 idrettskrets](#), 2019)



Status: Helserelatert atferd		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens																
Fysisk aktivitet (Ungdata 2020- 9/10 kl.)	42% av dei som svarte var ikkje aktive i idrettslag, medan 48% trenar 5 gonger i veka eller meir. 10% trenar aldri.	Aktiviteter i idrettslag passer ikkje alle, men det er fleire mogelegheitar for anna type uorganisert aktivitet.	For mykje trening kan føre til stress/press. Fysisk aktivitet gir god fysisk og psykisk helse og gode vanar, som er viktig heile livet.																
Førebyggjande heimebesøk for 80-åringar (2018-9) (Rehab.teneste/tiltakskontor)	Samtaler under besøka viser at omkring 75% har middels til høgt aktivitetsnivå.	For mange både yngre og eldre er fysisk aktivitet ein viktig sosial arena.	God helse gjer ein istand til å bu heime og vere sjølvstendig lengre.																
Overvekt Ungdom med kroppsmasseindeks (KMI) over 25. (Kommunehelsa, Inndeling pr. 1.1.2020.)	Overvekt og fedme ved 1. sesjon har auka litt meir enn landet og fylket. <table><tr><td></td><td>Norge</td><td>M&R</td><td>Sula</td></tr><tr><td>2011-14</td><td>21</td><td>23</td><td>25</td></tr><tr><td>2013-16</td><td>23</td><td>25</td><td>26</td></tr><tr><td>2015-18</td><td>23</td><td>25</td><td>26</td></tr></table>		Norge	M&R	Sula	2011-14	21	23	25	2013-16	23	25	26	2015-18	23	25	26	Generell endring i naturleg aktivitet og matvanar.	Auke i livsstilssjukdommar
	Norge	M&R	Sula																
2011-14	21	23	25																
2013-16	23	25	26																
2015-18	23	25	26																
Overvekt inkl. fedme hos fødande kvinner. KMI basert på høgde og vekt første svangerskapskontrl. (Kommunehelsa, Inndeling pr. 1.1.2020.)	Overvekt og fedme blant desse kvinnane kan ha gått litt ned i Sula, men framleis høgare verdier enn Norge, jamt med fylket. <table><tr><td></td><td>Norge</td><td>M&R</td><td>Sula</td></tr><tr><td>2012-14</td><td>34</td><td>36</td><td>39</td></tr><tr><td>2014-16</td><td>33</td><td>36</td><td>36</td></tr><tr><td>2016-18</td><td>34</td><td>37</td><td>37</td></tr></table>		Norge	M&R	Sula	2012-14	34	36	39	2014-16	33	36	36	2016-18	34	37	37		
	Norge	M&R	Sula																
2012-14	34	36	39																
2014-16	33	36	36																
2016-18	34	37	37																
Veging og måling på 3. og 8. trinn, skuleåret 2019-20. Utrekna med Iso-KMI (Sula helsestasjon 2020).	I begge gruppene er andelen av barn og unge, med overvekt og fedme til saman, rett under 25 %.																		
Snusbruk (Ungdata 2020- 9/10 kl.)	Tala frå Ungdata kan tyde på at omkring 3% snusar dagleg.																		

Status: Helserelatert atferd		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens																
Røyking Talet fødande som oppga at dei røykte ved 1.svangerskapskontroll i prosent av alle fødande. Gj.snitt av 5-årsperiodar. Ungdata 2020 (9/10 kl.)	Tala frå Sula synk jamt med landet elles <table border="1"> <tr> <th></th><th>Norge</th><th>M&R</th><th>Sula</th></tr> <tr> <td>2010-2014</td><td>10</td><td>10,4</td><td>9,8</td></tr> <tr> <td>2012-2016</td><td>7,2</td><td>7,4</td><td>6</td></tr> <tr> <td>2014-2018</td><td>5</td><td>5,1</td><td>5,1</td></tr> </table> Tala frå Ungdata kan tyde på at omkring 2% røyker dagleg.		Norge	M&R	Sula	2010-2014	10	10,4	9,8	2012-2016	7,2	7,4	6	2014-2018	5	5,1	5,1		
	Norge	M&R	Sula																
2010-2014	10	10,4	9,8																
2012-2016	7,2	7,4	6																
2014-2018	5	5,1	5,1																
Rus Ungdata 2020 (9/10 kl.) Alkohol Hasj/marihuana Handlingsplan for rusmiddelarbeid 2020-2024	Ungdata-tala kan tyde på at over halvparten aldri drikk alkohol, omkring 1/3 har smakt få gonger. 16% av dei spurde hadde vore rusa på alkohol det siste året. Tala kan tyde på at omkring 15% har fått tilbod om hasj, medan 3% har brukt hasj siste året. Dei siste 5 åra har totalomsetninga av alkohol på Sula auka frå 337.487 (2015) til 394.782 vareliter i 2019. Tal frå sal av alkohol frå butikk og vinmonopol syner at Sula har hatt ein nedgang frå 5,3 liter (2012) til 5,1 liter (2016) denne 5-årsperioden, men ligg fortsatt kommunen over lands- og fylkessnittet, hhv. 5,0 og 4,8 i 2016. I perioda 01.01.2016 – 01.01.2020 vart innbyggjarar i Sula registrert med: 148 narkotikasaker, av desse vart 3 koda som grove. 65 saker på køyring i påverka/berusa tilstand og 3 saker på doping. (Politiet) Heimetenesta ser endel medikamentmisbruk hos eldre og aukande tal på folk som treng teneste grunna langvarig rusbruk.	Auka sal i butikk og åpna vinmonopol																	
Eksisterande helsefremmande og førebyggjande tiltak, Helserelatert atferd ✓ BAPP-grupper, «Trygg start», COS-foreledrerettlegg ✓ MOT, Fritidsklubb, opplysnings- og haldningskampanjar på skular og på bygda ✓ Ansvarlig Vertskap-opplæring ✓ Alle arrangement i kommunal regi er rusfrie ✓ Kompetanseauke: Tilsette ved NAV og HBO har tatt vidareutdanning innan rusarbeid. ✓ Stor deltaking i idrett og Sula har eit rikt lags- og organisasjonsliv ✓ Førebyggjande 80-årsbesøk, kvardagsrehabilitering, årleg rullatorløp, trimgruppe. ✓ StikkUT																			

Helsetilstand


Med helsetilstand meiner befolkninga si helse målt med ulike mål, til dømes risikofaktorar, førebyggjare sjukdomar, trivsel og mestringsressursar eller meir indirekte mål som sjukefråvær og liknande. (Veileder IS-2110)

Forventa levealder i Sula er 80,6 år for menn og 84,6 år for kvinner, mot 79,4 år for menn og 83,5 år for kvinner i landet som heile. Tala er basert på gjennomsnitt av dei 15 siste åra.

([Kommunehelsa](#))


Dødelighet, tidlig død (B, inndeling per 1.1.2020) – 0-74 år, per 100 000, standardisert

Dødelegheit i aldersgruppa 0 til 74 år har sidan 80-talet jamt gått ned både i Sula og i landet. Færre dør i denne aldersgruppa i Sula enn i Møre og Romsdal samla og i landet samla. Kreft er største dødsårsak i denne aldersgruppa i Sula.




Dødelighet, tidlig død (B, inndeling per 1.1.2020) – 2009-2018, 0-74 år

Sula har lågare dødelegheit av hjarte- og karsjukdommar enn landet og fylket. Men ligg høgare på dødelegheit på ulukker og spesielt kreft.




Dødelighet, tidlig død (B, inndeling per 1.1.2020) – 0-74 år, per 100 000, standardisert




Hjerte- og karsykdommer og kreft er største dødsårsakene i aldersgruppa. Medan ein har opplevd at talet på døde av hjerte- karsykdommer har gått ned, har talet på døde av kreft vore stigande den siste tiårs-perioden.

Primærhelsetjenesten, brukere (B, inndeling per 1.1.2020) – kjønn samlet, per 1000, standardisert, 0-74 år




Kreft, nye tilfeller (B, inndeling per 1.1.2020) – per 100 000, standardisert, Totalt alle krefttyper (C00-96, D32-33, D45-47)



Tal på nye tilfelle av kreft per år har ei jamt stigande kurve frå byrjinga av 90-talet og til i dag. Frå å ligge lavast, er no tala i Sula like høge som landet og høgare enn fylket. Det har vore ei stor auke i antal prostatakreft frå 2000-talet til 2010, deretter jamn utvikling. Brystkrefttala har hatt ei nok bratt auke fram mot omkring 2010, etter nokre år med jamn utvikling går no tala på brystkreftamma ned. Auke fram mot 2010 men no avflating av lungekreft hjå kvinner. Betydelig nedgang i lungekreft menn. Tala på hudkreft ligg under landssnittet, medan tala på kreft i fordøyelsesorganar ligg ganske likt landssnittet. Begge disse krefttypene har ei jamn avflata utvikling.

Kreft, nye tilfeller (B, inndeling per 1.1.2020) – per 100 000, standardisert

Når det gjeld lungekreft har tala på kvinner gått forbi menn på Sula, men kan nå sjå ut til å utjamne seg. Samanlikna med tilfelle av lungekreft hos kvinner ligg Sula høgare enn både landet og fylket. Medan tala for menn tidligare var veldig høge, er dei no på høgde med landet og fylket.



Psykisk helse

Psykisk helseteneste i Sula har 3,29 årsverk fordelt på 5 tilsette. Tenesta har i fleire år hatt store utfordringar knytt til vekst. (Lokale tal) I 2016 ble det tilsett kommunepsykolog for første gang, men det har vore krevjande å rekruttere og behalde denne faggruppa.



I 2019 gjennomførte Sula si første BrukerPlan-kartlegging, dette er eit verktøy for å kartlegge omfanget av rus- og psykiatriske problem (ROP) blant tenestemottakarar i kommunen. 112 brukarar vart kartlagt i delen som omfatta berre psykisk helse og 50 brukarar i ROP-rapporten. Det er flest kvinner med berre psykiske vanskar og flest menn med ROP. Dei fleste er relativt midt i livet og utdanningsmessig ser ein heile spekteret frå ingen fullført utdanning til høgare utdanning. Ein vil gjennom årlege kartleggingar sjå utviklinga lokalt framover.

Utvikling av demens

I 2020 hadde 182 personar i Sula demens, det er 1,95% av befolkninga. Berekningar synar at i 2050 vil 413 personar i Sula ha demens, noko som da vil vere 3,84% av befolkninga på Sula.

([Demenskartet](#))




Status: Helsetilstand	Mogleg årsak				Mogleg konsekvens
Helse generelt (Ungdata 2020 9/10kl.) Prosentdel som er nøgde med helsa si.					
Legemelde sjukefråvær, prosent per 1.kvartal. (SSB)		2017	2018	2019	Høge tal for muskel- og skjelettplagar
	Sula	7,4	6,8	6,9	
	M&R	6,8	6,6	6,6	
	Norge	6,4	6,3	6,3	

Status: Helsetilstand					Mogleg årsak	Mogleg konsekvens
Utvikling av demens, estimert utvikling i prosent. (Demenskartet)		Sula	Norge		Andelen eldre aukar kraftig og dette gir seg utslag i at fleire vil få diagnosen demens.	Auka behov for helse-/omsorgstenester og førebyggjande meistringstiltak.
	2020	1,95	1,88			
	2025	2,03	2,12			
	2030	2,28	2,48			
	2040	3,13	3,30			
	2050	3,84	3,99			
Muskel- og skjelettplager (Kommunehelsa)		2010-12	2016-18		Inaktivitet og stress	Auka behov for rehabilitering/fysioterapi. Auka sjukefråver og medikamentbruk
	Sula	310	338			
	M&R	330	345			
	Norge	307	319			
Psykiske helse Psykiske symptom Psykiske lidingar (Kommunehelsa) Psykiske plager (Ungdata 2020 9/10kl.)		2013-15	2016-18		Auken i pasientar med psykiske symptom/lidingar må også sjåast i samanheng med omdisponering av ressursar i spesialisthelsetenesta. Ein blir ofte skrevet ut til kommunen tidlegare no enn før. Undersøkinga gjort i starten av koronapandemien mykje var usikkert også for ungdommen.	Auka behov for generell oppfølging, lavterskeltilbod og spesialiserte tiltak.
	Sula	99	116			
	M&R	96	103			
	Norge	96	105			
		2013-15	2016-18			
	Sula	55	67			
	M&R	62	70			
	Norge	72	74			
	Sula ligg litt over landet og fylket på psykiske symptom, men under på psykiske lidingar.					
	Tala kan tyde på at omkring 19% har hatt mange psykiske plager siste veka, fleirtal av jenter.					
Trivsel og mestring Stress og press (Ungdata 2020 9/10kl.) Elevundersøking (2019-20)		Sula	M&R	Norge		
	7 trinn					
	Trivsel	4,3	4,2	4,3		
	Mestring	3,9	4	4		
	10 trinn					
	Trivsel	4,2	4,2	4,1		
	Mestring	3,8	3,9	3,9		
Tannhelse Prosentdel som aldri hatt hol (kariesfri) etter alder i 2018. (Fylkestannhelsetenesta)	Alder	3	5	12	18	
	Sula	100	85	52	18	
	M&R	94	83	52	21	
	Norge	-	82	60	27	
Eksisterande helsefremmande og førebyggjande tiltak, Helsetilstand:						
✓ Mange lavterskeltilbod gjennom TBU og psykisk helseteneste.						
✓ Dementsteam. Pårørandetilbod innan demens og kreft.						
✓ MOT						

Skader og ulykker

Skader:


Spesialisthelsetjenesten, somatikk (Inndeling per 1.1.2020) – kjønn samlet, alle aldre, per 1000, standardisert, 2015-2017 Skader- hodeskader, hoftebrudd og forgiftninger





Denne tabellen viser at Sula ligg under landsgjennomsnittet på personar som vert innlagt på sjukehus med skader. Talet for fylket vårt ligg over landsgjennomsnittet.

Spesialisthelsetjenesten, somatikk (Inndeling per 1.1.2020) – kjønn samlet, alle aldre, per 1000, standardisert Skader

Tala på skader i Sula har dei siste åra vore lågare enn tala for landet, men no har dei auka og gått forbi, dei er likevel lågare enn tala frå fylket.



Oversikt over trafikkulykker 1977-2019 (Statens vegvesen)



Status: Skader og ulykker		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens
Hoftebrot Tilfelle pr. 1000 innb. (Folkehelsa)	Sula M&R Landet 2012 1.9 1.9 1.9 2014 1.8 1.8 1.8 2016 1.8 1.7 1.8	Inaktivitet, fallfeller i heimen	Nedsett funksjonsnivå og auka hjelpebehov
Trafikkulykker Skadde/omkomne 2019 (SSB)	6 personar skadd 1 person omkom	Trafikksikkerheitstiltak har redusert tal på trafikkulykker i heile landet.	Trafikkskadde kan vere ei ressurskrevjande pasientgruppe. Alvorlege skader kan gi behov for døgntenester, tilrettelagt bustad mm.
Eksisterande helsefremmande og førebyggjande tiltak, Skader og ulykker: ✓ Trimgrupper og gågrupper for eldre, førebyggjande 80-årsbesøk, kvardagsrehabilitering ✓ Trafikktryggingssplan ✓ Røde Kors er etablert i kommunen ✓ Kommunalt psykososialt kriseteam ✓ Kortids-/rehabavdeling på Sulatunet tar imot utskrivningsklare pasientar frå sjukehus for ei kortare periode og tilbyr avlastning for pasientar og pårørande.			

Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

Ei rekke miljøtilhøve har effekt på helsa. Døme er drikkevasskvalitet, luftkvalitet, grad av støy, sykkelvegnett og kvalitetar ved nærmiljøet som tilgang til friområde, friluftsområde, osb. Oversikt over infeksjonsepidemiologiske tilhøve i kommunen etter smittevernlova §§7-1 og 7-2 bør samordnast med oversikt etter folkehelselova og forskrift om oversikt over folkehelsa og kome inn under biologiske faktorar.

Sosialt miljø kan omfatte organisasjonsdeltaking, valdeltaking, kulturtilbod, sosiale møteplassar osb. Med omgrepa fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø vert det referert til kap.3 i folkehelselova. (Veileder IS-2110)

Resultat frå ungdataundersøkinga 2020

Ungdata blei gjennomført 11 mars 2020, men svarprosenten blei berre 50% grunna skulestenging. Resten av undersøkinga var planlagt uka etter, men lot seg ikkje gjennomføre på heimeskule.

84% av alle elever i 9 og 10 trinn svarte, og resultata vi har gir eit augeblikksbilde av forholda til desse elevane, men kan ikkje samanliknast med tidligare Ungdata i Sula eller landet som heile.

Kort oppsummert: Jenter: 30% opplever ikkje mestring eller følger seg nyttig på spørsmål om livskvalitet. Dei aller fleste har gode vener, men noen få spesielt jenter opplev einsemd.

Skuletrivsel: ca. 84%, gruer seg til skule: ca. 27 %, mange jenter opplev stress i samband med skule. Auka skulking (21% minst 1 g/år). Stor grad av skjermtid, 70% brukar meir enn 3 timar kvar dag. 32% av gutane på eit trinn sei dei aldri har vore med på organisert fritidsaktivitet. Ein del av ungdomane trener veldig mykje (48% deltek i idrett 5 gonger eller meir per veke). 13% av jentene er dagleg plaga med hodepine og 19% andre fysiske plager. 14% av gutane og 33% av jentene brukar av smertestillande kvar veke eller kvar dag. Jenter føler spesielt på stress og press (26% av jentene i så stor grad at dei slit med å takle det). Positivt av det er jamt mellom gutter og jenter som et frokost. Veldig liten andel spis frukt og grønt på skulen. Rusmiddel: sjå tabell «Helsereelatert atferd».

Trafikktryggingssplanen 2021-2026, høyringsutkast.

For å skildre trafikktilhøva i Sula har vi tatt utdrag frå høyringsutkastet til trafikktryggingssplanen 2021-2026. Heile trafikktryggingssplanen er tilgjengeleg på nettsida til kommunen og har som mål at alle barn skal ha ein trygg skuleveg.

I planarbeidet har FAU ved skulane i kommunen blitt bedt om å skissere farlege områder på og ved skuleveg i sin skulekrets, og 3 skular har kome med innspel. Barnehagane har saman med skulane i Sula fått tilsendt planen på høyring. Innbyggjarane har vore invitert til å kome med innspel medan planen ligg til høyring via annonse i Sulaposten og artikkel på kommunen sine nettsider og sosiale medier, for slik å sikre medverknad i planarbeidet. Mange og gode innspel kom inn.

Utfordringane kan delast inn i følgjande grupper:

- **Kryssingsproblematikk .**

- Bilar stoppar ikkje for fotgjengarar -> Dårleg opplyste overgangar og dårleg sikt kan vere ein del av grunnen.

- Der veg kryssar fortau oppstår og ei konflikt mellom køyrande og gåande-> gåande og syklande kjenner seg utrygge når fortauet kryssar stikkveg.

- Kryssing av veg utan fortau. Særleg gjeld dette på punkt som er for farlege til at ein ønskjer å anleggje fotgjengarovergang, eller der for få kryssar til at det er ønskeleg å merke opp overgang nettopp av trafikktryggingssyn. -> Folk må likevel gå over vegen på fleire av desse punkta som det ikkje per i dag fins alternative løysningar for.

- **Manglande gatelys**

Det er få kommunale vegar som per i dag manglar gatelys, men for dei vegane det gjeld bidrar manglande lys til at vegen kjennes utrygg og uoversiktleg både for bilist og fotgjengar.

- **Manglande fortau**

Særleg langs skuleveg er det eit problem at biltrafikk og større mengder born på same tid av døgnet skal dele vegen. Ein ser frå Barnetråkk at born og foreldre har funne seg snarveg og stiar som fører utanom dei verste punkta, men stiar og snarveg er mørke på kveldstid og ubruytte på vinterstid. Det er eit ønske å etablere fleire samanhengande gang- og sykkelveg som ikkje går langs bilveg.

- **Dårleg sikt i kryss og kryssingspunkt**

Både hekkar og gjerder bidrar til at det er vanskeleg å sjå om det kjem ein bil langs ein stikkveg. Og tilsvarande vanskeleg for bilisten å sjå om det kjem eit born på fortauet eller langs vegen. I tillegg til slike hinder for sikta kjem kryss som har ei utforming som i seg sjølv hindrar god sikt. Vegnettet er stadvis gammalt og langt frå optimalt og ein ser særleg siktproblematikk i møtet mellom kommunal og privat veg.

- **Høg fart**

Meldingar om at bilar held høgare fart enn forsvarleg i byggefelt og langs skuleveg er opphavet til søknader om fartsdempingar og ønske om fortau.

- **Få gangveg som leder fotgjengarar utanom trafikkert veg**

Særleg på skuleveg vert det etterlyst stiar og eigne gangveg som syklande og gåande kan bruke i staden for å gå langs kanten av vegen eller langs fortau ved trafikkerte vegar. Der det er stiar vert det sakna lys og brøyting.

Status: Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens
Drikkevatn	100% av befolkninga får vatn frå godkjenningss pliktig vassverk. Dei jamlege vassprøvene som tas etter regleverket viser alle eit tilfredstillande resultat.		
Radon Maksimumsgrenseverdi for radon i bygg er 200 Bq/m ³ . Tiltaksgrensa er på 100 Bq/m ³ (årsmiddelverdi).	Det er gjort målingar på kommunale bygg. gjennomsnittleg årsmiddelverdi ligg på mellom 20-70 Bq/m ³ . Eitt unntak er målinga ved Donken Fritidsklubb på 180 og 190 Bq/m ³ .	Berggrunnen i Sula består av bergartar som inneheld lite radon.	
Gang- og sykkelveg, tal km tilrettelagt for syklande som kommunen har ansvar for pr. 10.000 innb. KOSTRA-tal 2017			
Tilgang til rekreasjons- og nærturareal (SSB 2019)	Tilgang til rekreasjons- og naturterreng: Alle aldrar: 66% oppgir trygg tilgang til rekreasjonsareal 45 % har trygg tilgang til nærturterreng		Tilgang til natur gir moglegheit til lek og fri utfolding, kreativitet og fysisk aktivitet for alle alders grupper
Nærmiljø/bumiljø	Alle arealplaner har føringar for leikeareal, Arealdelen til kommuneplanen har i føresegnene ein leikeplassnorm.		Sikrar ein minstestandard på leikeareal for heile kommunen.
Eksisterande helsefremmande og førebyggjande tiltak, Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø: ✓ Skulemiljø-mobbing; MOT, anna haldningsskapande arbeid, helsesjukepleiar på alle skular, «Førebygge meir for å reparere mindre» i barnehage, barne- og ungdomsskule, Fritidsklubb. ✓ Regulering av gang og sykkelstiar til nye Rørstadmarka skule ✓ Barnerepresentant med ansvar for barn og unge sine interesser i plansaker. ✓ SFO i alle barneskular ✓ StikkUT- turar eit samarbeid mellom Friluftsrådet, Sula turlag og kommunen, i tillegg til mange andre turstiar på heile øya. ✓ Eldreråd og Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting ✓ Dagtilbod for eldre og personar med demens ✓ Eldrekafe, turgrupper og ulike samlinger for seniorar i regi av frivilligheita			

Innbyggjarmedverknad

For i sikre brei involvering av frivilligheit, lag, organisasjonar og innbyggjarane generelt var intensjonen å få dei innspel til korleis det er å bu i Sula og kva som kan forbetrast. Grunna pandemien har det ikkje latt seg gjere å arrangere større samlinga med dette tema den siste tida. Arbeidsgruppa har da valt å oppsummere innspel vi har fått gjennom #mittsula-arrangement dei siste åra med fokus på kva dei savnar/ønskjer seg her på Sula. Fleire av desse punkta er allereie kome på plass medan andre jobbast det meir langsiktig med både kommunalt og av frivilligheita.

Den gode alderdom i Sula(2017)

Saman skapar vi det gode lokalsamfunn (2018)

ALLEMED dugnad (2019)

- ✓ Sula-naturen: ta vare på, og tilrettelegging for turar, alle aldrar og funksjonsnivå
- ✓ Tilrettelegge bustad og bustadsplanlegging for ein trygg alderdom og dermed kunne klare seg lengst mogeleg i eigen heim.
- ✓ Sosialt bumiljø, grøntareal
- ✓ Sosial deltaking/treff på tvers av generasjonar
- ✓ Data – kurs/opplæring for seniorar
- ✓ Samle informasjon om tilbod for eldre
- ✓ Transport til aktivitet/tenester
- ✓ Fellesareal-møteplassar: inkludering av innvandrarak/tilflyttarak, seniorar
- ✓ Tilrettelegging for å gå/sykle til skulane
- ✓ Auka ressursar tidleg i skulegang, styrke ALLE barn
- ✓ Auka fellesskapsfølelse, i nabolag, mellom familiar,- gjer det lettare å bry seg
- ✓ Styrke relasjonar; gode haldningar og forbilder: trygg på sosiale medier
- ✓ Digital registrering av lag og organisasjonar, info på ulike språk?
- ✓ Bruke sosiale medier meir aktivt til informasjon om aktivitetar
- ✓ Fritidskort/aktivitetskort – billigare å vere med på fritidsaktivitetar
- ✓ Utstyrslager-gratis utleie
- ✓ Open hall, tilbod til ungdom, på omgang?
- ✓ Årleg møte om inkludering ->Meir samarbeid på tvers av organisasjonar
- ✓ Informasjon om støtteordningar også gjennom lag og organisasjonar
- ✓ Kartlegging av barn og unge sine ønske om aktivitet

Oppsummering og samanlikning med oversikta frå 2016.

Oversikt over helsetilstand i Sula frå 2016 viste utfordringar innan kreft og lungekreft spesielt, på **kreft** generelt ligg vi framleis høgt samanlikna med land og fylke, og det er største årsaka til tidleg død i Sula. Lungekrefttilfella og tala på folk som røyker ser ut til å ha ein synkande trend.

Utfordringa med **overvekt og fedme** blant unge vaksne er fortsatt gjeldande og kan ha blitt forsterka med dei tala ein ser frå grunnskulen, dette er førebels berre eit lite utval men ei viktig utvikling å følgje tett med på. På sikt kan det føre til negativ helseutvikling for ei stor gruppe som kan vere med på å gjere trykket på mellom anna **muskel- og skjelettplager** enda høgare.

Psykisk helse er framleis ei stor utfordring og brukartala her veks stadig, sjølv med oppretta stilling til kommunepsykolog er det stort trykk på tenesta. Utviklinga av fleire uformelle møteplassar og uforpliktande aktivitetar har sakte gått i rett retning mellom anna gjennom arbeidet til Frivilligsentralen og andre frivillige.